

Orgdot as
Sagveien 17
0459 Oslo

Kultur- og kirkedepartement
v/ Stein Sægrov

Oslo, 30.01.07

Høyringsuttale i samband med evalueringa av Den kulturelle skulesekken, gjeve av Orgdot as.

Vi viser til brev frå Kultur- og kirkedepartementet der vi vert inviterte til å kome med høyringsuttale i samband med evalueringa av Den kulturelle skulesekken.

Vi er takksam for å få høve til å uttale oss i denne samanhengen sidan vårt selskap og vårt produkt «KSYS» er omtala i evalueringa. Vi har avgrensa vår uttale til å omfatte kapitlet på s 86-87, «Bruk av digitale internettbaserte verktøy.»

Kort om Orgdot.

Orgdot as vart etablert i år 2000. Selskapet tilbyr rådgjeving, utvikling og drift av internettbaserte kommunikasjonsløyser for kultursektor.

I tillegg til KSYS, har Orgdot utvikla og driftar nettstar og fagsystem for ei rekke kulturinstitusjonar: Riksteatret, Danse og teatersentrum/ Norsk Scenekunstbruk, Riksutstillinger, Norske Barne og ungdomsbok forfattere, Det Åpne Teater, Norsk teater og orkesterforening (NTO) m.fl.

Om KSYS

Underteikna, som i dag er dagleg leiar for Orgdot as, og som tok initiativet til KSYS i 2001, var i perioden 92-97 tilsett i Oppland fylkeskommune med ansvar for m.a. utvikling av ordning for regional samordna kulturformidling og var i 97-99 leiar for kultuseksjonen i Sandefjord kommune, m.a. med ansvar for Den kulturelle skulesekken. Denne bakgrunnen er ikkje uvesentleg for at Orgdot i 2001 tok initiativet til utvikling av eit internettbasert fagsystem for Den kulturelle skulesekken.

KSYS er eit fagsystem for dei som arbeider med Den kulturelle skulesekken, med vekt på informasjon og logistikk

Systemet er utvikla i eit samarbeid med fylker, kommunar og nasjonale institusjonar. Det felles målet for utviklinga har vore å utvikle eit system som kan nyttast av mange, i nettverk, og det skal bidra til å sikre samordning og samarbeid mellom ulike aktørar i Den kulturelle skulesekken; mellom forvaltningsnivå og mellom aktørar på dei ulike nivåa. Systemet kan nyttast i nettverk eller som arbeidsreiskap for ein enkeltstående institusjon (f.eks kommunar som har direkte midlar. Lørenskog kommune nyttar KSYS.) Systemet har vore i drift sidan 2003, utviklingsarbeidet starta i 2001. Den tekniske plattformen er basert på opne standarder; PostgreSQL, Java, Struts, Apache og Tomcat. Orgdot har etablert eit miljø som handterer brukarsupport, opplæring, serverdrift og vedlikehald- løpande vidareutvikling av systemet.

Pr januar 2007 nyttar 14 fylker, 5 nasjonale institusjonar og 22 kommunar systemet. Over 3600 skular og barnehagar er registrerte i systemet, 4441 brukarar, 2663 produksjonar ligg i databasen.

Systemet handterer flyt av produksjonsinformasjon (tekst, bilete, multimedia) mellom leverandørar/

produsentar, det genererer offentleg tilgjengeleg informasjon om produksjonar og turnear, det har applikasjonar for distribusjon; turnelegging og påmelding, det handterer skuleinformasjon; elevtal, klassetrinn, timeplanar, kontaktpersonar, ferie og fråværsdagar. Det er utvikla eit databasebasert evalueringssystem, med automatisert databehandling/ rapportering. Systemet er tilrettelagt for at elevar kan kommentere og gi tilbakemeldingar.

Systemet koordinerar aktivitet mellom nasjonale aktørar og fylket og mellom fylke og kommune, på denne måten bidrar systemet til at skular; elevar, lærarar og foreldre, presse og andre, lett kan finne oppdatert informasjon om Den kulturelle skulesekken for si kommune / sin skule på ein plass, alle dagar, heile døgnet.

Det er etablert eit nasjonalt brukarforum som skal handtere brukarane sine felles interesser, prioritere felles utvikling m.m.

Første utviklingstrinn 2001 - 2003 vart finansiert gjennom andelar frå fylkeskommunene, etableringstilskot og risikolån frå Innovasjon Norge og eigeninnsats frå Orgdot as.

Kommentarar til evalueringa

KSYS vert omtala på s 85 og 86 i evalueringa. «Bruk av digitale, internetbaserte verktøy». Evaluators har ikkje vore i kontakt med Orgdot for informasjonsinnsamling.

Etter vår oppfatning har dette kapitlet fått ei forunderleg-, men kanskje effektiv form, nesten som ei klassisk dramatisk fortelling:

Her vert vi tidleg introduserte for ei konflikt, mellom «to leirar», for og imot KSYS. I den eine leiren regjerar KSYS, som er «bad guy», forsterka ved at det er eit privat firma som står bak, og tilhengarane er nærmast forheksa, dei innbillar seg at dei har det bra, men dei er blinda for realitetane...

I den andre leiren held det til nokre få «good guys» som står opp mot overmakta og velger å gå sine egne vegar. Dei har avslørt KSYS, dei vil ikkje la seg undertrykke og utbytte. Dei har også andre eigenskapar, dei finn smarte løysingar og dei er rettferdige og demokratiske, i motsetnad til KSYS tilhengarane, som er sentralistiske og udemokratiske.

.....

Vi har her valgt å ikkje gå inn på dei enkelte kritiske punkt og påstandar som vert fremma i evalueringa. Over 80% av dette kapitlet er relatert til kritisk omtale av KSYS, det vert stadig referert til andre løysingar som er «enklere og billigere», utan at dette vert utdjupa, og kvifor desse løysingane er totalt unnlåte kritiske vurderingar, -det kjem ikkje fram.

At nokre få fylker har valgt å utvikle egne løysingar framfor å nytte KSYS, er ikkje eit uttrykk for at KSYS ikkje fungerer, men eit uttrykk for at Den kulturelle skulesekken representerer eit større mangfald når det gjeld organisasjons-, formidlingsformer og innarbeidde arbeidsmåtar enn eitt eller fleire datasystem er istand til å fange opp. At dette i denne samanhengen vert konstruert som ei konflikt og motsetnad mellom «to leirar, - for og imot KSYS» er underleg. Vi har levert tilbod til desse fylka og dei har på rasjonelt grunnlag valgt å utvikle egne system framfor å nytte KSYS, dette er kjend og ordinær praksis for alle offentlege innkjøp.

Vi får kvar dag stadfesta at KSYS fungerer godt for svært mange, men vi vert sjølvstundt stadig mint på at vi har forbettringspotensiale. Det at det ved KSYS er etablert eit felles fungerande fagsystem som bidreg til samordning av ein så stor del av den totale nasjonale aktiviteten i den Kulturelle skulesekken, er ein god situasjon å vere i for alle partar. Dette er eit godt utgangspunkt for vidare utvikling og forbetring når det gjeld samordning og samarbeid i eit mangfald, også mellom ulike datasystem.

Vi har snart 4 års røynsle med drift og utvikling av KSYS. Fokuset vårt har ikkje vore å optimalisere ei løysing for fylka åleine, men å optimalisere ei løysing som sikrar samordning og samarbeid mellom ulike aktørar og forvaltningsnivå. Orgdots hovudoppgåve idag er å sørge for at drifts- og støttefunksjonar fungerer, at KSYS til ei kvar tid fungerer i høve til våre brukarar sine behov, mål og strategiar.

Vi kan berre her vise til praksis. I tillegg til nasjonale aktørar og fylkeskommunane så er det ei rekke kommunar som har valgt KSYS som sitt system for å administrere lokale kultursekkar. Auka lokal aktivitet aukar behovet for koordinering av logistikk og informasjon serleg mellom fylke og kommune og med KSYS

får kommunane eit system som er skreddarsydd for dette.

Alle kommunane i Vestfold har abonnement på KSYS. Store kultursekk kommunar som Asker og Bærum nyttar KSYS, det same gjer Lørenskog kommune, som er ei av kommunane som har valt å utvikle eigen lokal kultursekk uavhengig fylkeskommunen.

Praksis viser at KSYS kan nyttast på alle forvaltingsnivå, i eit samspel mellom nivåa og kan tilpassast ulike organisasjons og formidlingsmodellar. Praksis har også vist at dette er eit stabilt system, og at drifts, utviklings- og støttefunksjonane fungerer bra.

Det kjem fram i evalueringa at mange meiner at Orgdot får meir og meir definisjonsmakt inn i DKS systemet. Dette stiller vi oss litt undrande til, men dette tek vi sjølv sagt på alvor, vi ynskjer ikkje å framstå med ei slik rolle. I den første utviklingsfasen var vi nok ein offensiv initiativtakar og pådrivar for eit felles fagsystem, og i denne fasen var vi også ein pådrivar for å finne fram til felles standarder som var grunnleggande naudsynte for å modulere eit funksjonelt og rasjonelt system. Men vår rolle har endra seg, og med etablering av eit felles brukarforum for alle fylker og nasjonale institusjonar har vi fått ein meir reindyrka leverandør rolle. Vi skal vere ein kompetent profesjonell leverandør, ikkje ein politisk aktør.

Vår utfordring vidare er å halde tritt med utvikling og endringar i Den kulturelle skulesekken, og sørge for at KSYS støttar optimalt dei, tileikvar tid, gjeldande planar, mål og strategiar på nasjonalt, regionalt og lokalt plan. Det skjer ei aukande profesjonalisering i alle ledd og kommunane vert ein stadig viktigare og større aktør. Kommunane representerer organisasjons- og formidlingsmessig eit større mangfald enn fylka gjer det. Ikkje minst gjev dette seg utslag i eit tettare samspel og dialog med skulane, dette er ei viktig utfordring som både KSYS og andre eksisterande datasystem for Den kulturelle skulesekken må riggast betre for å møte i tida framover.

Med venleg helsing
for Orgdot as

Gunnar Solheim
dagleg leiar